
Saksnr: 2020/41629-2
Saksbehandlar: Lars Grøteide

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Stønadsordning til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjene for tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar.
2. Fylkesdirektøren får i oppgåve å kontakte dei aktuelle organisasjonane. Det skal informerast om dette vedtaket, om gjeldande retningslinjer og framgangsmåte for å søkje om stønad
3. Frå og med 2021 skal søknadsfrist for denne tilskotsordninga vere 31. mars
4. I 2020 skal fylkesdirektøren tilskrive aktuelle organisasjonar så snart som råd. Organisasjonane har høve til å sende inn ein kortfatta søknad med naudsynte vedlegg frå dei mottek brev og fram til og med 1. oktober. Straks søknaden er godkjent skal fylkesdirektøren betale ut aktuell stønad
5. Fylkesdirektøren får årleg til oppgåve å fordele tilgjengelege midlar ved administrativt vedtak i samsvar med vedtekte retningslinjer.

Samandrag

Vestland fylkeskommune ynskjer å styrkje dei regionale politiske ungdomsorganisasjonane. Det vert etablert ei tilskotsordning retta mot dei ungdomspartia der moderpartiet har medlemmar i Vestland fylkesting.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Forslag til retningslinjer stønad til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gav i PS sak 41/2020 på møte 4. april 2020 fylkesdirektøren til oppgåve å kome attende med ei sak om ei stønadsordning til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar. Jf vedtak i saka:

Utvalet ber fylkesdirektøren kome attende med sak om stønadsordning til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar (ungdomsparti) på kr 400.000 frå posten "Tilskot til barne- og ungdomsføremål". Ordninga skal vere retta mot ungdomsorganisasjonane til partia på fylkestinget, og tilskotet skal mellom anna vere fordelt på antal stemmer moderpartia fekk i lokalvalet og eit grunnbeløp.

På denne budsjettposten var det i alt sett av kr 2 152 000.–Dei resterande midlane kr 1 752 000.- vart i same sak sett av til tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å styrkje dei ungdomspolitiske organisasjonane i Vestland. Fylkesdirektøren vurderer dette som eit ynskje om å setje fokus på dei unge innbyggjarane si deltaking i demokratiske prosessar. Det er ei føremon for Vestland fylkeskommune at partia sine ungdomsorganisasjonar er sterke og at dei bidreg til god rekruttering på dei politiske arenaene i Vestland.

Midlane a kr 400 000.- til dette tiltaket vert dekkja av budsjettpost «Ymse barne- og ungdomsføremål.» På denne budsjettposten var det i alt sett av kr 2 152 000.- Dei resterande midlane a kr 1 752 000.- vart i PS sak 41/2020 sett av til tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. I Retningslinjene for denne ordninga vert det presisert at det ikkje vert gjeve regional stønad til organisasjonar som får statleg stønad. Som døme vart det vist til politiske parti og trus- og livssynssamfunn.

Fylkesdirektøren gjer merksam på at dei politiske ungdomsorganisasjonane får statleg stønad til sitt regionale ledd. Dette kjem fram på <https://fmsfstatsclient.fylkesmannen.no/>. I 2019 fekk ni ungdomsparti i Hordaland og Sogn og Fjordane statleg stønad. Omfanget vert synt i tabellen under:

AUF	kr 970.-	878
Unge Høgre	kr 537 262.-	
Senterungdomen	kr 307 292.-	
Framstegspartiet sin ungdom	kr 294 785.-	
Kristeleg folkeparti ungdom	kr 195 284.-	
Unge Venstre	kr 140 320.-	
Sosialistisk ungdom	kr 002.-	128
Grøn ungdom i Hordaland	kr 123 976.-	
Raud ungdom	kr 42 937.-	

Det kan sjåast som eit dilemma for andre regionale barne- og ungdomsorganisasjonar at dei politiske ungdomsorganisasjonane både får regional og statleg stønad, medan det er presisert i

retningslinjene til tilskotsordninga til drift av barne og ungdomsorganisasjonar at dei ikkje får regional stønad om dei mottek statleg stønad.

Utrekning av tilskot:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å setje av kr 400 000.- til dette føremålet. Fordelinga skal skje ved eit grunnbeløp og det resterande tilskotet skal fordelast i høve tal stemmer moderpartiet fekk i sist fylkestingval.

Fylkesdirektøren har vurdert dette og foreslår at grunnbeløpet vert sett til kr. 20 000.- Fylkesdirektøren tilrår ei fordeling av det resterande tilskotet ved fylgjande utrekning:

((Moderpartiet sitt valresultat/summen av prosent på dei organisasjonen som stettar krava)x(avsett sum til føremålet-samla sum av grunnbeløpa som vert utbetalt))

Basert på resultatet frå fylkestingvalet hausten 2019 gjev dette følgjande fordeling:

	Grunn-beløp i kroner	Val-resultat	Sum prosent	Justert prosent	Rest til fordeling i kroner	Tilskot fordelt på valresultat	Samla tilskot i kroner
AUF	20 000	20,4 %	87,9 %	23,21 %	220 000	51 058	71 058
Unge Høgre	20 000	17,9 %	87,9 %	20,36 %	220 000	44 801	64 801
Senter-ungdommen	20 000	15,7 %	87,9 %	17,86 %	220 000	39 295	59 295
FPU	20 000	8,6 %	87,9 %	9,78 %	220 000	21 524	41 524
Grøn ungdom	20 000	7,1 %	87,9 %	8,08 %	220 000	17 770	37 770
SU	20 000	6,4 %	87,9 %	7,28 %	220 000	16 018	36 018
KRFU	20 000	4,9 %	87,9 %	5,57 %	220 000	12 264	32 264
Unge Venstre	20 000	3,5 %	87,9 %	3,98 %	220 000	8 760	28 760
Raud Ungdom	20 000	3,4 %	87,9 %	3,87 %	220 000	8 510	28 510
Sum	180 000	87,9 %		100 %		220 000	400 000

I tabellen vert summen av valresultatet 87,9 fordi dei resterande partai som fekk stemmer ved fylkestingvalet ikkje er med i utrekninga. Dette fordi dei ikkje har ungdomsorganisasjon og/eller ikkje er medlem av sitjande fylkesting. Desse er:

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar	9,0 %
Pensjonistpartiet	1,1 %
Andre	2,0 %

Økonomi: Tildelinga vert gjort innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Det er ei føremon for folkehelsa at ungdom har høve til å delta aktivt i demokratiske prosessar og organisasjonar.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune ynskjer å styrkje dei regionale politiske ungdomsorganisasjonane. Det er viktig at unge innbyggjarar får høve til å delta i politiske prosessar og gjennom slik deltaking styrkje demokratiet.

Fylkesdirektøren legg i samsvar med vedtak i PS sak 41/2020 fram ei sak om stønadsordning til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar. Ramma for tilskotsordninga er kr 400 000.-. Fylkesdirektøren legg fram forslag om retningslinjer for tilskotsordninga.